

2000

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I KVAM IL PÅ SINCLAIR,
MÅNDAG 27.11.00 KL. 19.00

Desse møtte: Jan Peder Østlie, Ole Petter Brendstuen, Torolf Hagen, John Petter Teigen, Solveig Melbø, Anette Storbråthen, Odd Brendstuen, Geir Inge Krok, Håkon Næprud, Judith Næprud, Ole Kristian Rudland, Torunn Sigstad, Mai Britt Øybrekken, Anne Snipstad Røssum, Frank Jensvoll, Margit Sletten, Siw Øverli, Bjarne Iversen og Tor Olsen + Arne Steine(frå idrettskretsen).

1. Opning av møtet.

Margit Sletten ønska vel møtt til alle, spesielt til Judith Næprud og idrettskretsen sin representant - Arne Steine.

2. Godkjenning av sakliste og innkalling.

Godkjent.

3. Val av ordstyrar.

Margit Sletten valt.

4. Val av sekretær.

Tor Olsen valt.

5. Val av to representantar til å underskrive protokollen.

Anette Storbråthen og Geir inge Krok valte.

6. Utdeling av pris til Judith Næprud.

Arne Steine frå Oppland Idrettskrets delte ut Oppland Idrettskrets sin heiderspris til Judith Næprud.

I tala si la Steine vekt på kor viktig det er å ta vare på «ildsjeler» i eit lag. Han kom og inn på alle dei felta Judith har vore aktiv på i dei siste 20 åra. Judith takka for prisen med å poengtere kor viktig det er å ta vare på dei unge og la alle få sjansa til «å vere med».

Margit Sletten overrekte på vegner av styret i KIL blomar til prisvinnaren.

7. Årsmeldingar frå hovudstyret og gruppestyra for 2000.

Årsmeldingane vart lesne. Ingen spesielle merknader.

Margit gjorde greie for situasjonen til Kvamshytta. Styret for Kvamshytta

ser ut til «å vere i gang att» etter litt «stillstand» tidlegare i år.

8. **Rekneskap for hovudlaget og undergruppene for 2000.**

- Hovudlaget; Siw Øverli gjekk gjennom tala. Godkjent.
- Fotballgruppa; John Petter Teigen la fram tala. Årsmøtedeltakarane var imponerte over det flotte overskotet i fotballgruppa dette året. Godkjent.
- Skigruppa; Her var det og eit godt økonomisk resultat, sett ut i frå at dette er ei »lita» gruppe. Godkjent.
- Handballgruppa; Her vart dei store utgiftene til påmelding kommenterte. Godkjent.

9. **Innkomne saker.**

- Revidering av lovverk m/ fotnotar;
Vedtak: Fotnote 11 til §12 pkt. 6 - velge- tas inn i lovnorm for KIL frå dags dato - « Dette er minimum av de tillitspersoner som skal velges på årsmøtet. Det er ikke noe i veien for at årsmøtet i tillegg kan velge andre tillitspersoner som det er behov for.»
- Revidering av organisasjonsplan;
Vedtak: Kulepunkt 2 i målsetting for handballgruppa strykes.
- Endring av kontingennt frå og med 2001;
Etter ein del kommentarar fatta årsmøtet dette vedtaket:

Familiemedlemskap	kr. 100,-
Aktive over 16 år	kr. 75,-
Aktive under 16 år	kr. 50,-
Passiv medlem	kr. 25,-

Ved kjøp av familiemedlemskap inkluderast så vel aktive som passive familiemedlemar.

Dei resterande kategoriane er berekna på einskildmedlemar.

10. **Budsjett for hovudlaget og undergruppene for 2001.**

Hovudlaget: under kommentarar til budsjettet kom det fram at ein burde få dekka kommunale avgifter i samband med det «nye» klubbhuset. Heile denne saka burde vore lyfta opp på kommunalt nivå, da dette vedkjem alle lag i kommunen. Følgjande framlegg vart stemt over og vedteke - « styret skal søkje om fritak/ redusert avgift til kommunen for klubbhuset.» Elles vart framlegget frå hovudlaget godkjent.

Budsjetta for **undergruppene** vart gjennomgått og diskuterte utan spesielle merknader.

11. **VAL.**

a) Val av leiar, nestleiar og medlemar av **hovudstyret**.

Leiar: Margit Sletten (1 år)
Nestleiar: Johnny Mathisen (nestleiar for 1 år)
Sekretær: Anette Storbråthen (2 år)
Kasserar: Siw Øverli (Ikkje på val)
Styremedlem: Jan Tore Kamp (2 år)

Varamedlemar: Kjersti Rudland (2 år)
Tor Teigen - gjenval- (2 år)

b) Val av **revisor**.

Fron Regnskapskontor vart valt.

c) Val av **kontrollkomite**.

Håkon Næprud (2 år)
Per Fredriksen - tek gjenval - (2 år)

d) Val av representant til styret i **Kvamshytta**.

Knut Løkken - tek gjenval - (2 år)
~~Hans Kamp (valje på val)~~

e) Val av representantar til årsmøtet i **Kvam Bygdahus**.

Odd Brendstuen
+ 2 representantar frå hovudstyret (nestleiar og eit styremedlem) Hugs å varsle leiar i Kvam Bygdahus!!!

f) Val av representantar til **Nord - Fron idrettsråd**.

Leiar og eitt styremedlem frå styret i hovudlaget.

g) Val av kontaktperson for **utdanning**.

Styret i hovudlaget vel sjølve ein ansvarleg på første styremøte.

h) Val av **styre til skigruppa**.

Sekretær/kasserar: Torunn Sigstad (2 år)

Styremedlem: Kristian Åseng (2 år)
Varamedlem: Egil Myhre (2 år)
Valkomite: Morten Halling (2 år)

Følgjande var ikkje på val:

Leiar: Torolf Hagen
N.leiar: Frank Jensvoll
St.medl.: Linda M. Eide
Varamedlem: Kari Lillesandbu
Valkomite: Anne Karin Løkken(leiar)

i) Val av styre til fotballgruppa.

Leiar: John Petter Teigen (ikkje på val)
Nestleiar: Ole Kristian Rudland (ikkje på val)
Styremedlemar: Anne Gunn Brendstuen - sekretær - (2 år)
Elin Fjeldberg Teigmoen - kasserar - (2 år)
Lars Arne Bergum (2 år)
Geir Inge Krok (ikkje på val)
Junioravdeling: Ole Petter Brendstuen (2 år)
Varamedlemar: Laila Brendstuen (ikkje på val)
Valkomite: Tor Teigen (ikkje på val)
Odd Brendstuen (ikkje på val)
+Odd Brendstuen finn fram til to nye medlemar av valkomiteen.
Styret i fotballgruppa godkjener desse namna på sitt første
styremøte etter at Brendstuen har lagt dei fram.

j) Val av styre til handballgruppa.

Leiar: Bjarne Iversen (2 år)
Kasserar: Mai-Britt Øybrekken (2 år)
Styremedlemar: Lillian B. Lien (2 år)
Marthe Engum (ikkje på val)
Toril Olsen (ikkje på val)

k) Val av medlemar til valomite hovudlaget.

Gro F. Brendstuen (2 år)
Kai Helge Brendstuen (ikkje på val)
+Styret i hovudlaget tek ansvar for å finne eit tredje medlem til
valomiteen.

k) Val av leiar i **anleggs- og vedlikehaldsutvalget.**

Håkon Brendstuen(2 år)

Kvam, 29.11.00

Tor Olsen,
sekretær.

Mette Storbæk

Geir Inge Krok